

AVGJERD nr. 196

2007/EØS/54/19

av 23. mars 2004

om tolking av artikkel 22 nr. 1 bokstav a) i rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 for personar som får dialyse- eller oksygenbehandling

(2004/482/EF)

DEN ADMINISTRATIVE KOMMISSJONEN TIL DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA FOR TRYGD FOR VANDREARBEIDARAR HAR—

med tilvising til artikkel 81 bokstav a) i forordning (EØF) nr. 1408/71 av 14. juni 1971 om anvendelse av trygdeordninger på arbeidstakere, selvstendig næringsdrivende og deres familiemedlemmer som flytter innenfor Fellesskapet⁽¹⁾, der han vert pålagt å handsame alle administrative spørsmål som melder seg i samband med forordning (EØF) nr. 1408/71 og seinare forordningar,

med tilvising til artikkel 22 nr. 1 bokstav a) i forordning (EØF) nr. 1408/71, endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 631/2004⁽²⁾,

med tilvising til avgjerd nr. 163 av 31. mai 1996 om tolking av artikkel 22 nr. 1 bokstav a) i rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 med omsyn til personar som får dialyse- eller oksygenbehandling⁽³⁾ og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av artikkel 22 nr. 1a i forordning (EØF) nr. 1408/71 har Den administrative kommisjonen til dei europeiske fellesskapa for trygd for vandrearbeidarar til oppgåve å utarbeide ei liste over dei naturalytingane som av praktiske årsaker krev ei avtale på førehand mellom pasienten og den eininga som gjev behandlinga, slik at desse ytingane kan gjevast under eit mellombels opphald i ein annan medlemsstat enn den kompetente staten. Føremålet med denne avtala er å fremje den frie rørsla for dei personane som det gjeld, under medisinsk trygge tilhøve.
- 2) Føremålet med den avtala som er nemnd i artikkel 22 nr. 1a, er å sikre kontinuitet i den behandlinga som eit

medlem i trygdeordninga treng under eit mellombels opphald i ein annan medlemsstat.

- 3) I lys av dette føremålet er det viktigaste kriteriet for fastsetjing av dei naturalytingane som krev ei avtale på førehand mellom pasienten og den eininga som gjev behandlinga i ein annan medlemsstat, at behandlinga er livsviktig og det faktumet at denne behandlinga berre kan ytast ved spesialiserte medisinske einingar og/eller av spesialisert personale og/eller med spesialutstyr. Vedlegget til denne avgjerda inneheld ei ikkje-uttømmende liste som byggjer på desse kriteria —

TEKE DENNE AVGJERDA:

1. All livsviktig medisinsk behandling som berre kan ytast ved spesialiserte medisinske einingar og/eller av spesialisert personale og/eller med spesialutstyr, krev i prinsippet ei avtale på førehand mellom pasienten og den eininga som yter den behandlinga som det gjeld, for såleis å sikre at behandlinga er tilgjengeleg for medlemmet i trygdeordninga under det mellombels opphaldet i ein annan medlemsstat.
2. Vedlegget til denne avgjerda inneheld ei ikkje-uttømmende liste som byggjer på kriteria i nr. 1.
3. Avgjerd nr. 163 av 31. mai 1996 vert bytt ut med denne avgjerda. Ho skal kunngjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*. Ho tek til å gjelde 1. juni 2004.

Tim QUIRKE

President for Den administrative kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 160 av 30.4.2004, s. 135, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 169/2004 av 3. desember 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg VI (Trygd), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 26 av 26.5.2005, s. 17.

⁽¹⁾ TEF L 149 av 5.7.1971, s. 2. Forordninga sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 631/2004.

⁽²⁾ TEU L 100 av 6.4.2004, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 241 av 21.9.1996, s. 31.

VEDLEGG

**Liste med døme på livsviktige behandlingar som ved mellombels opphald i ein annan medlemsstat
krev ei avtale på førehand mellom pasienten og den eininga som yter behandlinga**

- Dialysebehandling
 - Oksygenbehandling
-